

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** torsdag 30. april 2020 10:59  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 17/2020, 30. APRIL

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 17/2020, 30. APRIL**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **INGA OPNING AV UH-INSTITUSJONAR - ENNO**

Kunnskapsdepartementet sende onsdag 29. april ut ei klargjering der dei presiserte at dei strenge reglane for sektoren framleis gjeld og at dei ikkje blir lempa på med det aller første. Bakgrunnen for meldinga var at departementet hadde oppfatta rykte om at det ville kome nye retningsliner alt denne veka, men det gjer det altså ikkje: "Trolig vil det komme nye vurderingar av nasjonale tiltak og eventuelle vidare åpningar av samfunnet neste uke", skriv KD og legg til at departementet vil melde om nye tiltak så tidleg som råd slik at det skal bli tid til å førebu endringar. Alle tilsette på HVO fekk vidaresendt e-posten frå KD 29. april.

### **UNDERVISNINGSOPPTAKET UTSETT TIL 27. MAI: FRIST 3. JUNI**

Undervisningsopptaket for hausten 2020 er utsett med ein måned frå 27. april til 27. mai. Studentane har frist til 3. juni med å melde seg på emna dei skal ta hausten 2020. Grunnen til at opptaket vart utsett er at fagmiljøa skal få tid til å vurdere om det må takast høgde for større endringar i studiemodellen i tilfelle semesteret blir heilt eller delvis digitalt. Dette betyr ikkje at ein vi legg om til eit digitalt semester eller digital eksamen. Men vi må vurderer og få lagt inn moglege alternativ for opplegg som vi alt no ser kan verte vanskeleg å få gjennomført. Det kan til dømes vere felles studieturar utanlands eller emne med undervisning der det er mykje nærkontakt mellom studentane, som til dømes idrett. Vi håper vi slepp å legge om til digitale eksamenar hausten 2020, men må vi så må vi. PS: Undervisningsopptaket er berre for studentar som alt er inne i fleirårige løp.

### **HØYRING PÅ RETNINGSLINER FOR STRØYMING OG LAGRING AV UNDERVISNING PÅ VIDEO**

Søndag (!) 3. mai kl 15.00 er det høyringsfrist på retningsliner for strøyming og lagring av opptak frå undervisning på video der studentar er eller kan vere med på lyd eller bilde. Det er særleg vår lokal handtering av personverndirektivet (GDPR) som vert dekt av retningslinene. Direktør fastset retningslinene måndag 4. mai. Ansvar i det daglege (behandlingsansvarleg) vert formelt sett rektor, men dette vil bli delegert til prorektor som leiar i Utdanningsutvalet. [Prorektor Odd Helge Tonheim](#) og [personvernombod Cecile Røeggen](#) har gjort mesteparten av arbeidet med retningslinene. Utkast til retningsliner har tidlegare vorte sendt til dekanane og også vore drøfta med fagforeningane og hovudverneombod.

### **KORLEIS HAR STUDENTANE DET? (1) SPØR OM KORONA OG STUDIEKVALITET I EMNEEVALUERINGANE**

Korleis korona-krisa har påverka studia og studiekvaliteten er eit viktig spørsmål i kvalitetsarbeidet og vil vere naturleg og nødvendig å ta opp i kvalitetsarbeidet for våren 2020. I løpet av dei næraste dagane vil det kome framlegg til spørsmål som kan stillast til studentane i spørjeskjema-evalueringar. Vi har ikkje eksplisitte krav i [kvalitetssystemet](#) om at det skal gjennomførast spørjeundersøkingar til alle studentar i emne- og programevalueringar. I kvalitetssystemet er det difor berre framlegg til spørsmål til studentar i evalueringsskjema for emne og program. Dei er å finne under ["Malar og retningsliner til dei ulike kvalitetsområda"](#).

### **KORLEIS HAR STUDENTANE DET? (2) FELLES SPØRJEUNDERSØKING OM KORONASITUASJONEN**

Kriseleiinga vil om kort tid gå ut med ei felles spørjeundersøking til alle studentar på Høgskulen i Volda for å få overblikk over situasjonen særleg når det gjeld undervisning, informasjon og studentane sin motivasjon. Resultata blir vonleg klare i løpet av vårsemesteret og kan då takast med inn i planlegginga av haustsemesteret. Tidlegare har høgskulen godkjent at våre studentar vart inviterte til å delta i ei nasjonal spørjeundersøking til studentar i regi av Universitetet i Bergen. Det er usikkert når vi får informasjon om resultat i UiB-undersøkinga.

### **DROP-IN KJELDESORTERING PÅ BIBLIOTEKET - PÅ ZOOM - FOR STUDENTAR**

I byrjinga av mai opnar biblioteket drop-in kjeldestasjon på Zoom. Om du synest referansar er noko herk eller vert APA-tisk av tanken på kjeldelista, er dette staden for deg. På kjeldesorteringsstasjonen kan du få hjelp og rettleiing med kjeldene dine etter APA. Vi set ikkje opp heile kjeldelista di, men vi kan rettleie deg på nokre døme du ønskjer hjelp med. Vi kan og vise deg kvar du finn rettleiing på heimesida vår. Kjeldesorteringa på Zoom er tilgjengeleg kvar tysdag kl 12-14 og kvar onsdag 13-15 i tida 5. mai til 4. juni. Studentane får tilgang til drop-in kjeldestasjon på ei lenke som dei finn i sitt emne på Canvas.

### **BARNEHAGEKONFERANSEN 2020 ER AVLYST**

Den årlege barnehagekonferansen i Møre og Romsdal, som er eit samarbeid mellom Utdanningsforbundet Møre og Romsdal, Høgskulen i Volda og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, er avlyst for 2020. Konferansen skulle gå i slutten av oktober. Den årvisse Barnehagekonferansen samlar rundt 500 deltakarar frå barnehagar i heile Møre og Romsdal kvart år, dette kan ikkje gjennomførast slik stoda er per i dag. Arrangørane satsar på ein ny barnehagekonferanse i oktober 2021.

### **ONSDAGSKVISSEN HAR GÅTT PÅ NETT: 80 DELTAKARAR!**

Den populære onsdagskvissen på Rokken har fått nytt liv på nettet. [21. april var det heile 80 deltakarar.](#) Dette er eitt av flere gode sosiale tiltak som Voldastudentene har digitalisert.

### **HØGSKULESTYRET (1): MØTTE KUNNSKAPSDEPARTEMENTET TIL VIDEOMØTE OM STYRING AV UH-SEKTOREN**

Kunnskapsdepartementet har invitert UH-institusjonane til å kome med innspel til den nye [stortingsmeldinga om styring av sektoren](#). Møta har skjedd på video og HVO møtte [statssekretær Aase Horrigmo](#) tysdag 28. april. Deltakarar frå HVO var rektor, direktør og fem styremedlemmer: Inger Østensjø, Roar Tobro, Simen Langeland, Silje Dahl og Eirik Sjøvik. Det mest overordna som vart formidla frå HVO på møtet var at vi ønskjer oss færre detaljreguleringar og meir styring i stort i sektoren. Svært detaljerte rammeplanar i somme utdanningar er eitt døme på slik detaljregulering. Stadig fleire oppgåver til direktorat var også noko som HVO er kritiske til. Desse spørsmåla vil også bli følgt opp med eit skriftleg innspel. Desse spørsmåla vart også drøfta i styremøtet 23. april. [Sjå også saksutgreiinga til styremøtet.](#)

### **HØGSKULESTYRET (2): ARBEIDER MED INNSPEL TIL NY UH-LOVA**

På møte i høgskulestyret 23. april stod innspel til ny UH-lov på dagsorden. I debatten i styremøtet var det særleg handtering av spørsmålet om styringsordning som vart drøfta mest. Fleirtalet i utvalet som kom med framlegg til ny lov ønska ein felles styringsmodell for heile sektoren med ekstern styrleiar peika ut av KD. Eit mindretal ønska at institusjonane skal få bestemme styringsmodell sjølve, slik det er i dag. Det var ulike syn på dette spørsmålet i styret. Diskusjonen om denne saka tok til etter [1 time og 31 minutt inn i opptaket frå styremøtet som ligg på våre nettsider.](#)

### **HØGSKULEN I VOLDA BLIR MED I FORSKNING.NO - PÅ PRØVE**

Høgskulen har vorte teken opp som prøvemedlem i Forskning.no. Dette er klart etter at Forskning.no hadde styremøte 28. april. I første omgang er det eit halvt års prøvetid. Medlemskapet gjer at forskingsnytt frå HVO vil bli formidla også på Forskning.no, men etter ei redaksjonell vurdering. Mesteparten av innhaldet vil bli produsert av informasjonskontoret på HVO.

## LÅSESYSTEM (1) NYTT LÅSESYSTEM KJEM I SOMMAR - MOBILEN KAN BRUKAST SOM NØKKELE

Vi får nytt låsesystem for ytterdørene og det nye systemet vert montert og installert i sommar. For tilsette og studentar betyr det at nøkkelkorta sluttar å virke - mest truleg i juli. Ei stor nyvinning med det nye systemet er at ein kan ein låse opp dører med ein app på mobilen, så kanskje er det ikkje så mange som treng nøkkelkort. Leverandøren av systemet er Låseservice AS i Ålesund og det nye systemet heiter Salto. Det er same leverandør og system som alt låg inne i tilbodet på det nye mediehuset. Grunnen til at låsesystemet vert skifta no er at systemet vi har i dag ikkje lenger er i produksjon og blant anna er det ikkje råd å få tak i reservedelar frå leverandøren lenger.

## LÅSESYSTEM (2) STENGDE DØRER - MEN NOKRE ER PÅ JOBB

Dei aller fleste tilsette på høgskulen har vorte pålagt å jobbe heimanfrå sidan koronakrisa tok til. Unntaket har vore kriseleiinga og tilsette i kritiske funksjonar. Statistikk frå låsesystemet syner at i gjennomsnitt har ca 50 vore innom høgskulen kvar dag. Høgskulen har i alt fleire enn 350 tilsette, så dette er eit stabilt lågt tal. Det syner at dei tilsette har vore lojale til avgjerda om å nytte heimekontor.

## MANGE SØKARAR PÅ MASTER I HELSELEIING: VOLDA, ÅLESUND OG MOLDE SAMARBEIDER

Master i helseleiing er eit nytt samarbeid mellom NTNU, Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda. [Heile 173 førsteprioritetssøkarar har søkt om opptak på studiet](#). Studiet bygger på det mangeårige samarbeidet LIHS (Leiing i helse- og sosialsektoren) som no har vorte utvida frå einskildemne til ein heil mastergrad.

## PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når det (helst) finst lenke til ei bok eller ein tidsskriftartikkel du har fått publisert.

## PUBLISERING (2): SVÆRT POSITIV OMTALE AV FYLKESOGA FOR SOGN OG FJORDANE

Knut Dørum har skrive omtale i [tidsskriftet Heimen av Folk i fjordrike før 1763, i Soga om Sogn og Fjordane](#) der historikarane [Harald Krøvel](#) og [Harald Tafjord](#) har vore forfattarar. Dørum skriv mellom anna: "Saman har Krøvel og Tafjord bringa lesarane trygt og godt fram gjennom mange tema, epokar og liner. Dei beherskar mange ulike verktøy, kunnskapar og ferdigheiter, og dei skriv velsigna godt og klårt, og er imponerende vel orientert i det nyaste på forskingsfronten."

## MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

23.04.2020: Styremøte 2/2020 ([opptak](#))

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#)

## Studieåret 2020-2021

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund (AVLYST)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

**HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømsproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

